

Lover for Fosen historielag

revidert på årsmøtet 15. juni 1996

§ 1. Fosen historielag er ein lokalhistorisk samskipnad for bygdene i det tidlegare Fosen futedømme, som femner om kommunane Hemne, Snillfjord, Agdenes, Hitra, Frøya, Ørland, Bjugn, Rissa, Åfjord, Roan og Osen.

§ 2. Laget har til formål å vekke historisk interesse, og arbeide for å auke og spreie kunnskap om historie og tradisjonar i Fosen.

§ 3. For å nå formålet kan laget i samarbeid med aktuelle kommunale organ, lokale historie- og museums lag og museum

- 3.1. Arrangere møte, kurs, ekskursjonar, registreringar og fotografering, innsamling av munnleg tradisjon, musikk, stadnamn og anna av historisk interesse.
- 3.2. Arbeide for at det kan bli utgjeve årbok, medlemsblad og historiske skrifter.
- 3.3. Arbeide for vern av fornminne og kulturminne av alle slag i området.

§ 4. Laget kan stå tilslutta andre lag og samanslutningar med same formål.

§ 5. Medlemmer av laget er alle som betaler årleg kontingent. Kontingenten blir fastsett av årsmøtet. Kvar medlem får eitt eksemplar av årboka.

§ 6. Årsmøte held ein kvart år. Styret gjer årsmøtet forsvareleg kjent i høveleg tid føreåt. Årsmøtet blir halde på omgang mellom kommunane i lagsområdet. Årsmøtet skal ha for seg:

- 6.1. Årsmelding
- 6.2. Revidert rekneskap.
- 6.3. Val av:
 - 6.3.1. Formann ved særskilt val for 2 år.
 - 6.3.2. 2 styremedlemmer kvart år for 2 år.
 - 6.3.3. 3 varamedlemmer i rekkjefølge for 1 år.
 - 6.3.4. Revisor og vararevisor for 2 år.
 - 6.3.5. 1 medlem for 3 år til valnemnd.
- 6.4. Fastsetjing av kontingent.
- 6.5. Framlegg frå styret til arbeidsprogram for neste år.
- 6.6. Innkome framlegg.

Stemmerett har alle medlemmer som møter og har betalt kontingent. Framlegg til årsmøtesaker må ha komme til styret innan 1. mars.

§ 7. Ekstra årsmøte kan haldast når styret gjer vedtak om det. For innkalling og møtevarsel gjeld reglar som for vanleg årsmøte. Ekstra årsmøte kan berre ta opp saker som er kunngjort i innkallinga.

§ 8. Laget skal ha eit styre på 5 medlemmer med 3 varamedlemmer. Styret vel seg imellom nestformann, skivar og kasserar. Dersom laget nyttar rekneskapsførar i staden for kasserar, er styret samansett av formann, nestformann, skivar og 2 styremedlemmer.

Varamedlemmer skal få tilsendt sakspapir til styremøte. Formannen kallar inn styret med minst 7 dagars varsel. Styret er vedtaksført når formann eller nestformann og minst 2 andre styremedlemmer er til stades. Formann, skrivar og kasserar er arbeidsutval for styret. Styret peikar ut redaktør for årbok og medlemsblad. Styret kan nemne opp personar og utval til å ta seg av spesielle arbeidsoppgaver. Styret avgjer tilslutningar etter § 4.

§ 9. Årsmøtet kan med 2/3 fleirtal endre lagslovene. Framlegg til lovendring må vera gjort kjent for medlemmene samtidig med innkallinga.

§ 10. Laget kan løysast opp når to vanlege årsmøte på rad har gjort vedtak om oppløysing med 2/3 fleirtal. Lagsarkiv, aktiva og midlar går etter vedtak av det siste årsmøtet over til lag eller institusjon(ar) i lagsområdet som deler lagets formål.

Trykt i Årbok for Fosen 1996:140–141